

RundeSymposiet 2022

Rundesymposiet er ein årleg nasjonal møtestad for akademia, næringsliv, organisasjonar og styresmakter med mål om å gjere ein konkret skilnad. Symposiet går av stabelen i mai, og er arrangert av Runde Miljøsentier og Havforskningsinstituttet. Vi ønskjer å inspirere og formidle innsikt samt å medverke til gode løysingar for meir og betre bruk av havet og ressursane i havet – med nye hovudtema kvart år.

Når: Frå 5. mai lunsj kl. 12.00 til 6. mai kl.15.00

Kvar: Runde Miljøsentier, 6096 Runde

Tema: HAVNASJONEN NOREG 2.0

I år vil fokus vere økosystemforvaltning i vidaste forstand, men med vekt på vekst i DEN BLÅ ØKONOMIEN. Dette byggjer vidare på symposiet i fjor haust der det mellom anna vart argumentert for å gjere sjøvegen langs kysten til hovudvegen, Riksveg 1. Sjøvegen – den norske kystlinja – kan og bør spele ei langt meir sentral rolle for å oppnå berekraftig verdiskaping, transport og for infrastrukturbygging i Noreg.

I den blå økonomien er det viktig å utvikle naturverdiane Norge har, og verdiane som er skapt. Korleis kan vi unngå interessekonfliktar, og korleis kan vi best leggje til rette for nye berekraftige løysingar? Korleis styrker vi samspelet mellom forskning og næringsliv i det korte biletet, men og for komande generasjonar? I år vil vi snakke om Havnasjonen Noreg 2.0.

PROGRAM¹ DAG 1: ØKOSYSTEMFORVALTING OG VERDISKAPING FOR GENERASJONAR – VI STAKAR UT KURSEN!

12.00: Registrering og lunsj

13.00: VELKOMEN TIL RUNDESYMPOSIET 2021

- **Ragnvald Nærø**, styreleiar Runde Miljøsentier.

13.05: KVA MEINER VI MED, OG KORLEIS SKAPAR VI HAVNASJONEN NOREG 2.0

Havet er mat, næringsverksemd og arbeidsplassar, klimaregulator og identitet – over heile verda. Internasjonale avtaler forpliktar oss til saman å ta vare på naturmiljø og å finne løysingar på klimautfordringane, samstundes som det skal haustast av ressursane i havet. Vi veit ein god del om dette livgivande økosystemet, men vi treng å vite meir – om ein sunn og berekraftig blå økonomi skal gi liv også for komande generasjonar. Korleis skal vi balansere alle interessene – på lag med naturen og når økonomi skal møte økologi?

¹ Program per 7. april, endringar kan bli aktuelt.



- Innleiarar: **Alf-Helge Aarskog**, tidlegare konsernsjef i Mowi, no styreleiar i Evoy og **Gunnar Bovim**, styreleiar Innovasjon Norge

13.30: KLIMAENDRINGANE og HAVET – HAR VI EIT PROBLEM ELLER ...?

Havet er i rask endring, særleg i våre havområder. Kva for endringar ser vi, og kva for konsekvensar kan desse få for det økologiske samspelet? Er vi seint ute, kva for handlingsrom har vi eigentleg?

- Innleiar: **Geir Huse**, forskningsdirektør i Havforskningsinstituttet.

Innleiarane deltar i paneldiskusjon med:

- **Chr. Anton Smedshaug**, statssekretær (vikar) i Klima og miljødepartementet (permisjon som dagleg leiar i AgriAnalyse)
- **Gunvor Ulstein**, tidlegare konsernsjef, no nestleiar i Ulstein Group og styreleiar i Ulsmo
- **Audun Maråk**, adm. dir. i Fiskebåt

Moderatorar **Marie Hauge**, kommunikasjonsdirektør i Havforskningsinstituttet og **Ragnvald Nærø**.

Ca 14.45: Beinstrekk og litt attåt

15.15: HAVET ER I ENDRING – VI TRENG EIT NYTT TESTOMRÅDE

Havområdet ved Runde er særst interessant, er mellom dei best karakteriserte og trafikkerte i landet. Samstundes har dette området varierte marine forhold, er rikt på offshore og maritim industri i tillegg til kunnskapsinstitusjonar med potensial. KORLEIS utviklar vi regionen til å blir eit ØKOLOGISK OG TEKNOLOGISK TESTOMRÅDE for integregret økosystemforvaltning og næringsutvikling?

Havforskningsinstituttet er eit av dei største marine forskingsinstitutta i Europa, NTNU er Norges største universitet. Begge møtes her med ein kompletterande kunnskapsbase. Korleis nyttar vi området til forskning, innovasjon, nærings- og kompetanseutvikling og til ein region det er spanande å bu, studere og reise til?

- Deltakarane innleiar kort, for så å delta i paneldebatt.

Geir Huse, forskningsdirektør i Havforskningsinstituttet.

Hans Petter Hildre, professor NTNU (Møre Ocean Lab).

Gry Ulverud, Chief Growth and Impact Officer, HUB Ocean

Nils-Roar Hareide, seniorforsker Runde Miljøsentere

Bjørn Jalving, Senior Vice President Technology i Kongsberg Maritime.

Per Jan Osdal, ass. dir. Kystverket

Moderatorar **Ragnvald Nærø**, og **Sissel Rogne**, fagdirektør Havforskningsinstituttet.

Ca. 17.30: FJELLTUR

Guida tur til fuglefjellet for å speide etter lundefuglen på veg heim frå fangst.

20:00 MIDDAG



PROGRAM DAG 2: DEN BLÅ ØKONOMIEN – DET VIDE PERSPEKTIVET, FORVALTNING OG KONKRETISERING

07.30: FRUKOST

08.30: VELKOMEN TIL DAG 2

- Varafylkesordfører **Line Hatmosø Hoem**

08.40: DEN BLÅ ØKONOMIEN I DET VIDE PERSPEKTIVET

Noreg har ambisjonar om å vere eit føregangsland innan blå næringar og havforvaltning. Først når finansnæringa med sine analyser og risikovurderingar finn den blå økonomien lønnsom å investere i, skyt utviklinga fart. Korleis ser den blå økonomien ute i det store og vide perspektivet?

- **Kari Due-Andresen**, sjefsøkonom Akershus Eiendom
- **Stein Lier-Hansen**, adm. dir. Norsk Industri

Refleksjonar/kommentar:

- **Anne-Lene Dahle**, tidlegare ambassadør i Mosambique, sjølvstendig næringsdrivande «Hav og Kyst»

Moderator **Sissel Rogne**,

10.30: DEN BLÅ ØKONOMIEN SETT FRÅ HOVUDSTADEN

Vi inviterer Mørebenken på Stortinget til debatt om den blå økonomien i vår tid.

- Per Vidar Kjølmoen (Ap), Åse Kristin Ask Bakke (Ap), Sylvi Listhaug (Frp), Frank Edvard Sve (Frp), Helge Orten (H), Jenny Klinge (Sp), Geir Inge Lien (Sp), Birgit Oline Kjerstad (deltaking TBD)

Refleksjonar/kommentar:

- **Christina I. M. Abildgaard**, avd. direktør i Forskningsrådet.

Moderatorar: **Marie Hauge** og **Ragnvald Nærø**

12.00: LUNSJ

13.00: DEN BLÅ ØKONOMIEN SETT FRÅ MØRE – VERDISKAPING KJEM IKKJE AV SEG SJØLV

Kampen for å overleve, skape verdiar og eit betre livsgrunnlag for dei som kjem etter oss står sentralt i vår kultur. Desse verdiane har ikkje minst vore viktig for næringslivet i Møre og Romsdal innan fiskeri, offshore, havbruk og eksportindustri. Eit kjenneteikn på denne næringslivskulturen er at verksemdar «samarbeidar når ein kan, og konkurrerer når ein må». Staheit, kreativitet og



rammevilkår har vore viktige føresetnadar for å konkurrere nasjonalt og internasjonalt – gjennom oppturar og nedturar. Korleis kjem vi oss vidare?

Kvar deltakar vil innleie kort før paneldiskusjon og samtale med symposiedeltakarane.

- **Stig Remøy**, adm. dir Olympic.
- **Kjersti Kleven**, dagleg leiar Skaparhuset og styreleiar i Prodtex AS
- **Lene Trude Solheim**, adm. dir. Næringsforeningen – Ålesundregionen og dagleg leiar i GATH (Global Aquaculture Tech Club)
- **Sigrun Heltne Vartdal**, direktør bedrift. Sparebank1 Søre Sunnmøre
- **Louise Haahjem**, Head of Business Banking Seafood, Nordea
- **Arnfinn Ingjerd**, dagleg leiar Maritim Forum Nordvest

Moderator: **Ragnvald Nærø**

15.00: Vel heim og velkomen tilbake i 4. og 5. mai 2023!



PRAKTISK INFORMASJON

Påmeldingsfrist 28. april 2022. Vi har maksimalt plass til 50 deltakere.

Eigenandel for å delta på Rundesymposiet er 3000 kroner per person (eigenandelen dekkjer kost 1500 kroner og losji 1500 kroner frå 5. til 6. mai).

Påmelding

https://www.deltager.no/event/rundesymposiet_2022_05052022#init

Overnatting

Vi kan tilby leiligheter og rom på Runde Miljøsenters og på Christineborg Gjestehus ved behov. Ønsker du overnatting før og/eller etter at symposiet er over, er du velkommen til å utvide opphaldet. Det er tilrettelagt for å kunne benytte seg av møterom og tilgang til felles printer m.m.

Treng du hjelp til å koordinere **transport** til/frå Runde hjelper vi til med det.

- Har du spørsmål om påmelding eller logistikk, ta **kontakt med Cecil Elisabet Nerbø** (cecil@runde.no).
- Har du spørsmål om programmet og/eller di rolle, ta kontakt med styreleiar **Ragnvald Nærø** (ragnvald@naero.no, eller tlf.: 900 80 303)